


PLAN FOR OVERGANG BARNEHAGE- SKOLE. GE-



Rettleiar for overgangen barnehage-skole
Dovre kommune (revidert nov. -25)

Teikningar: Barn i Dovre og Dombås barnehage

Som ein del av arbeidet med ny rammeplan for barnehagen, ny læreplan for skolen og prosjektet "inkludering i praksis" har vi hatt ein revidering av rettleiaren for overgangen frå barnehagen til skole. Vi ynskjer å ha fokus på ein god og trygg overgang for ungane, og kva barnehagane og skolen saman kan gjera for å få denne overgangen til å bli så god som mogleg for ungane. Som grunnlag har vi teke med gode prinsipp frå den førre planen, men vi har ynskt å legge enda meir vekt på nye dokument som viser til viktigheita av barns eigenverdi, vaksenrolla, inkludering og tryggleik. Planen vil difor stadig ha behov for revidering ettersom ein får ny kunnskap om kva som er viktig for barn.

Ein god og trygg overgang kan vi i stor grad oppnå gjennom at barna og foreldre blir kjende med

- korleis det er å vera på skolen, gjennom å bli kjend med klasserommet sitt, SFO, toalett og uteområdet
- kven fadderen er og kor mykje samvær med fadder det blir på skolen
- kor mykje leik det blir på skolen
- korleis skoledagen blir
- korleis friminutta blir
- kva timane inneheld, kva barnet skal lære, om det blir mykje lekser
- læraren og andre vaksne som skal ha 1. klasse
- SFO og dei vaksne der

Til ein god overgang for barnet høyrer og med at

- barnet har fått teke eit godt farvel med barnehagen
- barnet har med seg verdifulle erfaringar frå barnehagen
- barnet bevarer gleda og nysgjerrigheten frå barnehagen, og gleda ved å begynne på skolen
- barnet møter noko på skolen som er kjend frå barnehagen

Vi ynskjer at samtale med den enkelte barnegruppa og deira foreldre skal vera med å vektlegge kva behov dei har i overgangen.

Med ynskje om ein god skolestart

Rektor, Dovre barneskole

Styrar, Dovre barnehage

Styrar, Dombås barnehage

Innhold

Tiltak, samarbeid barnehage og skole	4
Fadderordning	5
Tiltak for barn med særleg behov for tilrettelegging.....	6
Dei komande 1. klasseforeldra.....	7
Det siste året i barnehagen	8
Vedlegg: Skjema for overgang frå barnehage til skole, til utfylling barnehage/føresette	10

Tiltak, samarbeid barnehage og skole

Tiltaka i planen skal gjennomførast, men angitt tidspunkt er rettleiande.

	Tiltak året før skolestart	Ansvar
September	For barn med ekstra behov for støtte/tilrettelegging, sjå "Tiltak for barn med særleg behov for tilrettelegging"	Barnehage
Foreldremøte haust	Foreldremøte i barnehagen: Informasjon om det siste året i barnehagen. Rettleiar for overgangen blir vist fram, og dei får link til informasjonen på nettsidene. Denne skal ligge ute digitalt i oppdatert versjon på nettsidene til Dovre kommune. Dialog med foreldra om forventningar og kva som er viktig for dei.	Barnehage (NB: barn som ikkje går i barnehage)
Desember	Felles møte mellom barnehagane og skolane: Utveksling av erfaringar og kunnskap om kva som kan gjera overgangen enda betre for barna. NB: Hugs å prate med barna i forkant og avklare forventningar.	Barnehage og skole i samarbeid
	Barnehagelærarar og lærar for fadderklassa møtast for å planlegge læringsinnhald og gjennomføring av treffa med fokus på trygge overgangsarenaer.	Skole har ansvar for å kalle inn.
	Førskolebarn inviterast på adventssamling 1. trinn. Dovre besøker Dombås bh. etter samlinga.	Barnehage og skole i samarbeid
Januar	Arbeidet med fadderordninga startar, sjå "fadderordning".	Barnehage og skole i samarbeid
	Invitasjon til innskriving i skole.	Skoleadministrasjon
	Utdeling av invitasjon til foreldremøte og innskrivingsskjema.	Skole distribuerer til barnehagen, som skriv ut og delar ut til kvart enkelt barn
	Innskriving og informasjonsmøte på skolen for foreldra om skolestart og SFO. Omvising. Barna skal ha blitt godt kjent på skolen før skolestart. Det skjer i samband med informasjonsmøtet og gjennom fadderordninga.	Skolen
Mai	På basis av samtykke frå foreldra: Overføring av informasjon frå barnehage til skole med vekt på kva barnet meistrar og kva det treng særskilt støtte til. Bruk av overgangsskjema (sjå vedlegg)	Barnehage og skole i samarbeid
	Helsesjukepleiar og miljøretteleiar skule besøker barnehagen og blir kjent med barna.	Barnehage og skole i samarbeid
	Barnehagelærar og lærarar for 1. klasse møtast for forventningsavklaringar og felles planlegging. Fokus på kva barna har opplevd, lært og gjort i barnehagen.	Barnehage og skole i samarbeid
Juni	Markering av at ungane sluttar i barnehagen	Barnehage

Fadderordning

	Tiltak året før skolestart	Ansvar
Desember	Møte barnehage – skole for planlegging av fadderordninga, og mellom barnehagelærarane for å prate om innhald i siste halvår i førskolegruppa.	Skolen tar initiativ til møtet
	Førskolebarna inviterast på adventssamling. Dovre bh. besøker Dombås bh. Etter samlinga.	Barnehage og skole i samarbeid
Januar	Tildeling av faddergrupper med førskolebarn og 4. klasse. Skriftleg informasjon heim til foreldra. <i>NB: Det er viktig at denne informasjonen går ut samtidig i barnehagen og på skolen.</i> Gruppebilde av barna i barnehagen og på skolen delast ut til opphenging i begge barnehagane.	Barnehage og skole i samarbeid
Februar	Fadderklassen besøker barnehagen, sjå informasjon under*.	Barnehagen legg til rette.
Mars	Førskoleungane besøker skolen. Fokus: bli kjent inne på skolen.	Skolen legg til rette.
April	Førskoleungane besøker skolen. Fokus:, uteområdet	Skolen legg til rette.
Mai	Førskoleungane besøker skolen. Fokus: Bli kjent med SFO, skolebussopplæring. NB: Hugs barn som tek buss i Dombås barnehage (vestsidebussen), drosje øverbygdsvegen.	Skolen legg til rette. Barnehagen kontaktar bilrutene for samarbeid med busselskapet.
Juni	Førskoleungane besøker elevane i 1. klasse, og SFO.	Skolen legg til rette.

*For at det fyrste møtet med fadderer skal vera trygt, skal dette vera på arenaen til førskoleungane – i barnehagen. Dei som er fadder til barn i Dombås barnehage reiser dit, dei som er fadder til barn i Dovre barnehage reiser dit. Fokuset i det fyrste møtet er å bli kjent og å få leike saman.

Tiltak for barn med særleg behov for tilrettelegging

Når det skal skapast samanheng for barn med behov for særskilt tilrettelegging og oppfølging, er det viktig å involvere foreldre og ev. ansvarsgruppa i overgang og oppstart. Før nytt enkeltvedtak i samband med overgang, skal det gjerast vurdering av PPT på behov for sakkunnig vurdering. Enkelte av barna kan ha individuell plan (IP). Det er elles aktuelt å vurdere om enkelte minoritetsspråklege barn har særleg behov for tilrettelegging, og ev. behov for språklæring på morsmålet.

	Tiltak	Ansvar
Vurder tidsrom for kvart barn individuelt	For enkelte barn kan det vera nødvendig å førebu overgangen gjennom fleire år. Er det etablert ansvarsgruppe rundt barnet bør den vera sentral i arbeidet.	Barnehage og skole i samarbeid
	Det bør vurderast om barnehagepersonale/barnehagelærar bør følgje barnet over i skolen for ei viss tid	Barnehage og skole i samarbeid
	Dersom det er behov for tilretteleggingar i fysisk miljø må dette kommuniserast tidleg til skolen. Skolen brukar erfaringar frå barnehagen og spesialmiljø/pedagogar for å vurdere rett tilrettelegging for barnet, i samarbeid med foreldre.	Barnehage: melde behov Skole: legge til rette
	Dersom det trengs særskilt kompetanse i lærarteamet må ein sørge for kompetanseheving i vårhalvåret, slik at denne er på plass når eleven kjem.	Barnehage: melde behov Skole: kompetanseheving
Februar	Ressursmøte med PPT, rektor og styrarar. Unger med ekstra oppfølging i forbindelse med spesielle behov i barnehagen blir vurdert vidare ifm. oppfølging i skolen.	Barnehage, skole og PPT
Vårhalvåret	Ved behov: Ekstra fokus på at barnet skal bli kjent med lærar/fagarbeidar som har oppfølgingsansvar på skolen, og at den som skal følgje opp ekstra blir kjent med barnet.	Barnehage: melde behov Barnehage og skole i samarbeid
Juni	Halvårsrapport blir sendt til skolen og PPT.	Barnehage

Dei komande 1. klasseforeldra

Foreldra må med

Støtte frå familien gir barnet kontinuitet og tryggleik i overgangen. Foreldra skal gjevast gode moglegheiter til å delta. Ha fokus og på minoritetsspråklege barn.

Foreldra skal bli kjent med

- læraren og andre vaksne som skal ha 1. klasse
- personell på SFO
- skolebygget, klasserom, toalettanlegga og skolegården
- kven som er fadderer til barnet på skolen

Foreldra skal få vite noko om

- korleis tryggleiken for barna på skolen ivaretakast
- tryggleiken for barna på skolevegen, inkludert bussopplæringa
- korleis skolen arbeider for å ha eit godt psykososialt miljø, for å hindre mobbing og skape gode, likeverdige klasse miljø. Dette inneber og §9a i opplæringsloven, og korleis dei går fram for å melde frå dersom dei opplev at eleven ikkje har det trygt og godt på skolen.
- inndeling av skoledagen, timeplanen, organisering av friminutt, skoleskyss og busstider
- SFO: Innhald, rammeplan, lokalar og uteområdet, organisering og personalet
- kontakinformasjon skole, samt namn og telefonnummer til dei andre foreldra.

	Tiltak fyrste skoleår	Ansvar
August	1. skoledag: Markering av at ungane startar på skolen. Rektor har kort informasjons-/dialogmøte med foreldrane – lærarane skal vera saman med barna.	Skolen
September Oktober November	Foreldremøter: -foreldra bør så langt som mogleg bli einige om felles normer i heimane på enkelte områder som frukost, leggetider, grensesetting, mobbing, bruk av mobiltelefon og internett. -foreldra bør lære å kjenne kvarandre sine barn, og etablerer eit opent tilhøve til kvarandre -det bør leggjast til rette for at foreldra blir kjent med kvarandre, og ein kan ansvaraleggjerna klassekontaktar ift å få til nokre arrangement med foreldre og barn. Lærar kan inviterast om dei ynskjer det.	Foreldra
	-skolen avklarar forventningane sine om foreldresamarbeid -skolen gir konkrete råd til foreldra om korleis dei kan støtte opp om den fyrste læringa av språk og rekning.	Skolen

Det siste året i barnehagen

Rammeplanen for barnehagen seier at barnehagen skal legge til rette for at dei eldste barna har med seg erfaringar, kunnskapar og ferdigheitar som kan gje dei eit godt grunnlag og motivasjon for å byrje på skolen. Barnehagen skal bidra til at barna kan avslutte barnehagetida på ein god måte, og møte skolen med nysgjerrigheit og tru på egne evner. Hovudmålet vårt er at barna får med seg positive erfaringar med språk og tal, at barnet føler seg trygg i barnegruppa, har gode vaksenerfaringar og kjenner seg likt.

Framlegg til område å arbeid særskilt med det siste året i barnehagen:

Tryggleik	Å vere den største i barnehagen inneber å øve på: -å kunne kle seg sjølv -å kunne gå på do sjølv -å helde blyanten rett -å kunne uttrykkje det ein bekymrar seg for, seie frå til ein vaksen og bli møtt på ein trygg måte.
Trivsel	Vaksne er gode rollemodellar og den som er ansvarleg for å legge til rette for trivsel. Vaksne hjelp barnet med: -å ta kontakt med andre på ein positiv måte -å vise omsorg for andre og å ta omsyn til andre -å finne ut kva store kjensleuttrykk kjem av, regulere og hjelpe barnet til å finne løysingar
Kunnskap	Barnehagane bruker språk- og talsprell, og samarbeider om kva dei prioritere å bruke tid på. Det dei har vore gjennom pratar dei med 1. klasse-lærarar om på overgangsmøte i mai/juni. Det er ingen absolutt mal på kva dei må ha vore gjennom i barnehagen. Fokuser på mestringsopplevelser og å gje barna eit godt språk, og gjennom lek og samtale: -øve på å få eit godt munnleg språk og øve på å gjenfortelja hendingar i kvardagen og frå høgtlesing -bli lese høgt for. -leike med ord: rim og regler, orddeling, rytme -øve på omgrep som fyrst/sist, oppe/nede, over/under, bak/framme osb. -prate om tida og kva som kjem fyrst og sist: i dag/i går, før/etterpå, første, andre, tredje..., størst/minst -å ha kjennskap til bokstaver og tal. Det er ikkje nødvendig å øve på symbola dersom barna ikkje er klare for det, men bruk gjerne leikeskriving aktivt når dei er interessert. -øve på å kunne orientere seg i naturen/retningar -bli kjent med fargar og former -telle og leike med tal og talmengder



Rettleiaren bygger på:

- Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64)
- Rammeplan for barnehagen av 2017
- Rammeplan for SFO av 2021
- Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (LOV-2024-03-08-9)
- overordna del i læreplanverket av 2020
- Fra eldst til yngst: Samarbeid og sammenheng mellom barnehage og skole. Veileder fra kunnskapsdepartementet 2008

Vedlegg: Skjema for overgang frå barnehage til skole, til utfylling barnehage/føresette

Overgang frå barnehagen til skolen i Dovre

Til orientering:

Dette skjemaet er meint som ei hjelp for barn, foreldre og skole i overgangen mellom barnehage og skole. Ein treng ikkje fylle ut alle punkta, men bruke dei som rettleiing til kva informasjon som kan vera nyttig for skolen å få frå barnehage og foreldre.

Namnet til barnet:

Født:

Interesser (*likar, er glad i, meistrar, har glede av, trivst med*):

Har barnet hatt nokon form for særleg oppfølging i barnehagen?

Andre opplysningar som kan vera av interesse for skolen (*behov for å bli møtt på særlege måter, redsler vi treng å vite om, allergier etc*):

Opplysningar som foreldre elles ynskjer å informere skolen om:

Ved å signere dette skjemaet godtek vi at barnehagen har overgangssamtaler med kontaktlærarane for å sikre at barnet får ein

god overgang til skolen. Det er mogleg for foreldra å be barnehagen om utfyllande informasjon om dei same punkta.

.....
Stad og dato

.....
Foreldre/føresette

.....
Foreldre/føresette

.....
Pedagogisk leiar

.....
Styrar

Eventuelle vedlegg:

Kommentar til vedlegg: